

# Hellandsvågane



## FAKTA

<b>Trimpoeng:</b>	3
<b>Høgde over havet:</b>	5 m
<b>Lengd merka løype:</b>	0,9 km
<b>Stigning merka løype:</b>	20 m
<b>Underlag/terreng:</b>	Stein, myr, torv
<b>Signeringar i 2013:</b>	830

## OM STADEN

Den kanskje mest vêrharde staden langs fjørene rundt Sandsøya er Hellandsvågane. Ytst ute på enden av fylkesvegen nord på øya, forbi Våge og over Helland finn vi denne boka. Posten ligg på det som heiter Hamnaholmen, eit lite nes som er med og formar vågane. Sommarstida kan ein beundre den vidunderlege solnedgongen. Ein stormfull vintersdag er det vinden og bølgene som kan ta tak i litt av kvart.

## TURALTERNATIV

Frå snuplassen ved enden av grusvegen frå Helland går ein hundre meter tilbake og tek så til venstre. Vidare går det gjennom to grunder før ein kjem ned til fjøra. Siste delen er dels ganske våt. Totalt **0,9 km** frå start til mål – og like langt tilbake sjølvsgt.

## BILETE

